

**KONTROLLUTVALET I
STORDAL KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 13. mars 2019, kl. 14.00

Møtestad: Stordal Rådhus

Møtet vart leia av: Jonas Falch

Elles til stades: Vigdis Hove Øie, Roger Lillebø og Jarle Hove

Forfall: Reidun Torpe Langhaug

= **4 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå Kommunerevisjon3 møtte Svein Ove Otterlei. Frå Stordal kommune møtte rådmann Anne Berit Løseth og ordførar Eva Hove.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Sak 01/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 28.11.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 28. november 2018 blir godkjent.

Sak 02/19 - Ny kommunelov – nye reglar på området for kommunen sin eigenkontroll.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 6. mars 2019.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet har merka seg reglane i ny kommunelov når det gjeld området for den kommunale eigenkontrollen.
2. Kontrollutvalet bed kommunestyret ta saka til orientering.

Sak 03/19 - Årsrapport 2018 Nordre Sunnmøre Kemnerkontor og skatterekneskap 2018 for Stordal kommune.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 6. mars 2019.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til vitande.

Sak 04/19 - Sekretariat for kontrollutvala fra 2020.

Sakspapirer frå sekretariatet datert 6. mars 2019.

Kontrollutvalget sitt samrøystes vedtak til innstilling:

Fellesnemnda for (Nye) Ålesund kommune og fellesnemnda for Fjord kommune gjer slikt likelydande vedtak:

1. Fellesnemnda syner til eigarkommunane sine vedtak om endring av selskapsavtale for Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS (SKS IKS).
 2. Fellesnemnda sluttar seg til kontrollutvala sine felles tilrådingar om å vidareføre det interkommunale samarbeidet om kontrollutvalssekretariat i regi av SKS IKS.
-

Sak 05/19 - Orientering om framdrift av bygging av Griggås barnehage v/rådmann.

Saka vart lagt fram utan tilråding til vedtak frå kontrollutvalsekretariatet.

Leiar Jonas Falch fremma på vegne av kontrollutvalet følgjande forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande og forventar å bli heldt orientert om utviklinga i saka.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande og forventar å bli heldt orientert om utviklinga i saka.

Møtet var slutt kl. 15.40

Jonas Falch leiar (sign)	Roger Lillebø nestleiar (sign)	Vigdis Hove medlem (sign)	Jarle Hove medlem (sign)
--------------------------------	--------------------------------------	---------------------------------	--------------------------------